



Gloppen kommune

Møteprotokoll

Utval	Helse- og oppvekstutvalet
Møtestad	Kommunestyresalen
Dato	03.06.2026
Tid	Kl. 09:00 - 14:00

Følgjande medleamar møtte	Frå
Baard Helle Bolstad	SP
Bernt Reed (p)	SP
Julie Kristin Lothe	SP
Lisbeth Stensaker	H
Mariel Eikeset Koren	MDG
Per Ståle Husevåg	KRF
Sjur Atle Austrheim	H
Svein Førde	AP

Forfall/møtte ikkje	Frå	Følgjande varamedlem møtte	Frå
Katrine Anita Heggelund	SV	Eva Skrivervik-Alme	SV

Andre som møtte

Grete Aa Sandal, rådgjevar i sak 033/26.

Gunhild Gimmetstad, Kommunalsjef helse og velferd i sak 023, 024, 025, 026, 027, 028 og 029/26

Per Arne Strand, kommunalsjef oppvekst i alle saker.

Åslaug Haugset, folkehelse- og rådgjevar i sak 023, 024 og 033/26.

Underskrifter

Per Ståle Husevåg

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
023/26	Godkjenning av møtebok, innkalling og sakliste
024/26	Referat og orienteringssaker
025/26	Gordon AS søker om skjenkeløyve i gruppe 1, 2 og 3 for Gordon hotell på Reed
026/26	Høyringsvar "forslag om integreringsstønad for nyankomne flyktninger"
027/26	Orientering om endringer i krisesenterlova frå 1. januar 2026
028/26	Årsmelding pasient- og brukarombodet 2025
029/26	Årsmelding og rekneskap for 2025
030/26	Forskrift om skuledagar, ferie og fridagar skuleåret 2027-2028 i Gloppen kommune - ut på høyring
031/26	Lokal forskrift om skulekrinsar i Gloppen kommune - legge på høyring
032/26	Tilstandsrapport Barnevern for 2025
033/26	Kommunedelplan oppvekst - sluttbehandling

023/26: Godkjenning av møtebok, innkalling og sakliste

Utvalsleiar si tilråding:

1. Helse- og oppvekstutvalet godkjenner møteboka frå sitt møte den 14.05.26
2. Helse- og oppvekstutvalet godkjenner innkallinga og saklista til møtet den 03.06.26

Helse- og oppvekstutvalet 03.06.2026:

Behandling

HEOP- 023/26 Vedtak

1. Helse- og oppvekstutvalet godkjenner møteboka frå sitt møte den 14.05.26
2. Helse- og oppvekstutvalet godkjenner innkallinga og saklista til møtet den 03.06.26

Samrøystes vedtak.

024/26: Referat og orienteringssaker

Helse- og oppvekstutvalet tek saka til orientering.

Helse- og oppvekstutvalet 03.06.2026:

Behandling

Klokka 9 - 10 var Nils Petter hauge med frå RVTS vest med tema sjølv mord. Han var med på Teams og hadde ein presentasjon. Utvalsleiar og nestleiar hadde ein introduksjon til tema.

Med heimel i kommunelova § 11-5 andre ledd vert det foreslått å lukke møtet då orienteringa (under aktuelt frå helse) inneheld opplysningar omfatta av lovbestemt teieplikt.

Under orientering frå helse hadde Mariell Eikeset Koren (MDG) inn i forbinding med reforma "bu trygt heime" innspel til administrasjonen. Aktuelle aktøra som kan bidra med informasjon til innbyggjarar om moglegheiter for finansiering til mellom anna ombygging, bør være med og formidle moglegheiter i aktuelle fora. Spesielt i fora der tema femner reforma.

Under Ordet fritt hadde Sjur Atle Austrheim (H) spørsmål til administrasjonen om driftstilskot til Firda Fysikalskmedisinske senter og spørsmål omkring permisjon. Det vart svara ut i møte om regelverket som regulerar dette og at det er avtalt eit møte med Bertel Rune Kaale seinare på dagen om tema.

HEOP- 024/26 Vedtak

Med heimel i kommunelova § 11-5 andre ledd vart møtet lukka i orienteringa frå helse under punkt "aktuelt".

Helse- og oppvekstutvalet tek orienteringa til vitande.

Samrøystes vedteke.

025/26: Gordon AS søker om skjenkeløyve i gruppe 1, 2 og 3 for Gordon hotell på Reed

Kommunedirektøren si tilråding

Formannskapet viser til at søkjar oppfyller alle krav i løyvepolitisk del av ruspolitisk plan og vedtek at søkjar får skjenkeløyve i gruppe 1, 2 og 3 som omsøkt for Gordon hotell for restauranten og uteområdet i hagen.

Tillaten skjenketid følg normaltidene i ruspolitisk plan:

Normaltida for skjenking av øl og vin er:

- Kl 08.00 – 01.00 søndag – torsdag
- Kl 08.00 – 02.00 fredag og laurdag, og dagar før skiftande helge- og høgtidsdagar

Normaltida for skjenking av brennevin er:

- Kl 13.00 – 24.00 søndag – torsdag
- Kl 13.00 – 01.00 fredag og laurdag, og dagar før skiftande helge- og høgtidsdagar

Spesielt for uteservering:

- Kl 13.00 – 24.00 søndag – torsdag
- Kl 13.00 – 01.00 fredag og laurdag, og dagar før skiftande helge- og høgtidsdagar

Ruben Elvebakk Nesdal skal vere skjenkestyrar for løyvet.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 01.06.2026:

Behandling

RAD- 015/26 Vedtak

Rådet peikar på at det er behov for serveringsstader i kommunen med tilgjenge for alle, og ber om at dette perspektivet blir løfta i svarbrevet om skjenkeløyve.

Helse- og oppvekstutvalet 03.06.2026:

Behandling

Vart spørsmål om kven som er vedtaksmynde i skjenkesaker, det vart sjekka ut og er Formannskapet etter innstilling frå Helse- og omsorgsutvalet.

HEOP- 025/26 Vedtak

Helse- og oppvekstutvalet støttar kommunedirektøren si tilråding:

Formannskapet viser til at søkjar oppfyller alle krav i løyvepolitisk del av ruspolitisk plan og vedtek at søkjar får skjenkeløyve i gruppe 1, 2 og 3 som omsøkt for Gordon hotell for restauranten og uteområdet i hagen.

Tillaten skjenketid følg normaltidene i ruspolitisk plan:

Normaltida for skjenking av øl og vin er:

- Kl 08.00 – 01.00 søndag – torsdag
- Kl 08.00 – 02.00 fredag og laurdag, og dagar før skiftande helge- og høgtidsdagar

Normaltida for skjenking av brennevin er:

- Kl 13.00 – 24.00 søndag – torsdag
- Kl 13.00 – 01.00 fredag og laurdag, og dagar før skiftande helge- og høgtidsdagar

Spesielt for uteservering:

- Kl 13.00 – 24.00 søndag – torsdag
- Kl 13.00 – 01.00 fredag og laurdag, og dagar før skiftande helge- og høgtidsdagar

Ruben Elvebakk Nesdal skal vere skjenkestyrar for løyvet.

Vedtak samrøystes.

026/26: Høyringsvar "forslag om integreringsstønad for nyankomne flyktningar"

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunestyret tek saka til vitande.

Helse- og oppvekstutvalet 03.06.2026:

Behandling

HEOP- 026/26 Vedtak

Helse- og oppvekstutvalet tek saka til vitande.

Samrøystes vedtak.

027/26: Orientering om endringar i krisesenterlova frå 1. januar 2026

Kommunedirektøren si tilråding

Helse- og oppvekstutvalet tek saka til vitande.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 01.06.2026:

Behandling

RAD- 013/26 Vedtak

Rådet tar saka til orientering.

Helse- og oppvekstutvalet 03.06.2026:

Behandling

HEOP- 027/26 Vedtak

Helse- og oppvekstutvalet tek saka til vitande.

Samrøystes vedtak.

028/26: Årsmelding pasient- og brukarombodet 2025

Kommunedirektøren si tilråding

Helse- og oppvekstutvalet tek saka til vitande.

Vedtak som innstilling frå Eldrerådet - 01.06.2026

Eldrerådet tek saka til orientering.

Eldrerådet ynskjer å bemerke at årsmeldinga er vorte så generell at det er utfordrande å diskutere og kommentere innhaldet i meldinga.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 01.06.2026:

Behandling

RAD- 014/26 Vedtak

Rådet tar saka til orientering.

Helse- og oppvekstutvalet 03.06.2026:

Behandling

HEOP- 028/26 Vedtak

Helse- og oppvekstutvalet tek saka til vitande.

Samrøystes vedtak.

029/26: Årsmelding og rekneskap for 2025

Kommunedirektøren si tilråding

1. Den framlagde rekneskapen for 2025 for Gloppen kommune med vedlagt drifts-, investerings- og balanserekneskap, og med følgjande nøkkeltal, blir fastsett som Gloppen kommune sin rekneskap for 2025:

Nøkkeltal – årsrekneskapen 2025:	Kr (i 1000 kr)
Driftsinntekter	-796 653
Driftsutgifter (inkl. avskrivningar)	786 820
Netto finansutgifter	45 631
Motpost avskrivningar	-33 931
Netto driftsresultat	1 866
Avsetningar til bundne driftsfond	5 327
Bruk av bundne driftsfond	-5 238
Netto bruk/avsetning bundne driftsfond	89
Korrigert netto driftsresultat	1 955
Bruk av disposisjonsfondet	-1 955
Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)	0

2. Kommunestyret godkjenner årsmeldinga frå Gloppen kommune for 2025.

Vedtak som innstilling frå Eldrerådet - 01.06.2026

Eldrerådet støttar kommunedirektøren si tilråding.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 01.06.2026:

Behandling

Felles orientering med eldrerådet, ved Benedicte Moritsgård, økonomisjef.

RAD- 020/26 Vedtak

Rådet meiner dette vart presentert godt på rammekonferansen. Rådet opplever at rammekonferansen er eit godt og nyttig tiltak, og håper kommunen held fram med å invitere alle råd og utval til dette framover.

Samfunnsutvalet 03.06.2026:

Behandling

SAMF- 041/26 Vedtak

Samfunnsutvalet støttar kommunedirektøren si tilråding.

Samrøystes vedteke

Helse- og oppvekstutvalet 03.06.2026:

Behandling

HEOP- 029/26 Vedtak

Helse- og oppvekstutvalet støttar kommunedirektøren si tilråding.

Samrøystes vedtak.

030/26: Forskrift om skuledagar, ferie og fridagar skuleåret 2027-2028 i Gloppen kommune - ut på høyring

Kommunedirektøren si tilråding

Helse- og oppvekstutvalet legg «Forskrift om skuledagar, ferie og fridagar skuleåret 2027/2028 i Gloppen kommune ut på høyring i perioden 5. juni til og med 23. august 2026.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 01.06.2026:

Behandling

RAD- 019/26 Vedtak

Rådet tar saka til orientering.

Helse- og oppvekstutvalet 03.06.2026:

Behandling

Utvalet hadde ei drøfting av dette med avspassing for elevar på dagar som ligg i skuleruta og praksisen rundt det, vert mogeleg å spele inn på det i høyringa.

HEOP- 030/26 Vedtak

Helse- og oppvekstutvalet legg «Forskrift om skuledagar, ferie og fridagar skuleåret 2027/2028 i Gloppen kommune ut på høyring i perioden 5. juni til og med 23. august 2026. Vedtak samrøystes.

031/26: Lokal forskrift om skulekrinsar i Gloppen kommune - legge på høyring

Kommunedirektøren si tilråding

Helse- og oppvekstutvalet legg lokal forskrift om skulekrinsar i Gloppen kommune på høyring slik den ligg føre i saka. Høyringsperiode er 5. juni 2026 til og med 20. september 2026.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 01.06.2026:

Behandling

RAD- 017/26 Vedtak

Rådet tar saka til orientering.

Helse- og oppvekstutvalet 03.06.2026:

Behandling

Utvalet ynskjer at det skal følgje med i høyringa eit spørsmål om mogelegheiten til å søkje seg til skular med ledig kapasitet på bakgrunn av at det var opna for det for nokre år sidan frå Sandane til Nordstranda.

HEOP- 031/26 Vedtak

Helse- og oppvekstutvalet legg lokal forskrift om skulekrinsar i Gloppen kommune på høyring slik den ligg føre i saka. Høyringsperiode er 5. juni 2026 til og med 20. september 2026. Vedtak samrøystes.

032/26: Tilstandsrapport Barnevern for 2025

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunestyret tek tilstandsrapport for Barnevernet for 2025 til orientering.

Helse- og oppvekstutvalet 03.06.2026:

Behandling

HEOP- 032/26 Vedtak

Helse- og oppvekstutvalet støttar kommunedirektøren si tilråding:
Kommunestyret tek tilstandsrapport for Barnevernet for 2025 til orientering.
Vedtak samrøystes.

033/26: Kommunedelplan oppvekst - sluttbehandling

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunestyret vedtek Kommunedelplan for oppvekst (oppvekstplanen) slik den ligg føre i saka.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 01.06.2026:

Behandling

Rådet meiner det er positivt at planen har veka omsynet til elevar med særskilte behov i saka om fire eller fem dagers veke. Rådet meiner også at det har vore god planprosess, og at det ligg føre ein god plan.

RAD- 021/26 Vedtak

Rådet meiner at fem dagers veke bør utgreiast vidare. Eit perspektiv som ikkje er løfta så mykje fram når det gjeld elevar med særskilte behov, er at mange av dei har helseproblem som kan gi auka fråvær. Då er det meir sårbart å gå glipp av ein av fire dagar i veka, enn ein av fem.

Rådet peiker på Plan for samordning av tenester til barn og unge, og ber om at den blir prioritert for revidering.

Helse- og oppvekstutvalet 03.06.2026:

Behandling

Utgreiing av 4- el 5 dagers veke, framlegg frå Per Ståle Husevåg, Kristeleg Folkeparti

Helse- og oppvekstutvalet vedtek å ikkje gå vidare med utgreiing av 4 eller 5 dagers skuleveke for dei minste, men halde på den ordninga med 4- dagers veke som i dag.

Per Ståle Husevåg (Krf) fremja tilleggsforslag: Helse- og oppvekstutvalet vedtek å ikkje gå vidare med utgreiing av 4 eller 5 dagers skuleveke for dei minste, men halde på den ordninga med 4- dagers veke som i dag. Det vart prøverøysta over forslaget før endeleg avrøysting.

Vedtaket fekk 5 røyster og vart vedteke med ei stemmes overvekt: Per Ståle Husevåg, Sjur Atle Austrheim, Lisbeth Stensaker, Bård Helle Bolstad og Mariel Eikeset Koren støtta Per Ståle Husevåg sitt forslag.

Julia Lothe, Svein Førde, Eva Skrivarvik og Bernt Reed røysta for kommunedirektøren si tilråding som fekk 4 røyster og fall.

HEOP- 033/26 Vedtak

Helse- og oppvekstutvalet tilrår å ikkje gå vidare med utgreiing av 4 eller 5 dagers skuleveke for dei minste, men å halde på ordninga med 4- dagers veke.

Vedtatt med ei stemmes overvekt: Per Ståle Husevåg, Sjur Atle Austrheim, Lisbeth Stensaker, Bård

Helle Bolstad og Mariel Eikeset Koren støtta Per Ståle Husevåg sitt forslag.

Julia Lothe, Svein Førde, Eva Skrivarvik og Bernt Reed røysta for kommuneirektøren si tilråding.

Utover dette støttar helse- og oppvekstutvalet framlegget til kommunedelplan, samrøystes.